

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune har ein utfordrande økonomisk situasjon. Gjeldsgraden er høg, utan at det har vore teke naudsynte grep dei siste åra for å bremse veksten. Det gjer at vi må snu alle steinar og sikra ei berekraftig drift av fylkeskommunen. På studiespesialiserande program har vi ein stor overkapasitet ved dei vidaregåande skulane våre i Bergen. Samstundes som dette har utvikla seg, har ein dei siste 12 åra tillate ein vekst i dei private kommersielle skulane. Det har bidrige til å auke overkapasiteten. I tillegg har det påført fylkeskommunen økonomiske tap.
2. Fana gymnas vert lagt ned. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærliken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane. Ved Fana gymnas vil ei eventuell vidare drift gjere det naudsynt med investeringar for mellom 210 og 280 millionar.
3. Ut over dette vert fylkesrådmannens forslag B lagt til grunn med følgjande endringar:
 - Garnes vgs vert vidareført, dimensjonert for 90 plassar med ST og 90 plassar MK.
 - ST ved Fyllingsdalen vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
 - ST ved Laksevåg vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
4. Fylkeskommunen skal ikkje selje Fana gymnas.
5. Fylkestinget legg til grunn ei administrativ samanslåing av Garnes vgs og Arna vgs, og fylkeskommunen skal på sikt byggje ein ny kombinert vidaregåande skule i Arna. Dette skal handsamast i rulleringa av skulebruksplanen.
6. Ved framtidig rulling av skulebruksplanen må ein ta omsyn til søkermønster ved og plassering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma MK og KDA.
7. Innføringsklassa for minoritetsspråklege på Fana gymnas og påbygg ved Garnes vgs vert lagt ned. Eventuell oppretting av desse tilboda ved andre skular vert tatt stilling til ved prognoseinntaket.
8. Flytting av utdanningsprogrammet Service og samferdsel (SS) frå Nordahl Grieg vgs til Stend vgs vert gjennomført med verknad frå hausten 16/17. IKT servicefag vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagt ned.
9. Fylkestinget legg til grunn at dagens 2.-klasseelevar ved Fana gymnas får gode overgangsordninger til andre skular.
10. Fylkestinget ber rådmannen ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana vgs."

Dan Femoen (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

1. "Saken utsettes.
2. Det skal gjøres en ny ekstern evaluering av kostnader av å rehabilitera Fana gymnas."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Femoen sitt forslag fekk 26 røyster (H, Frp, V, MDG, R) og fall.

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag (a):

"Endringsframlegg til pkt. 2 i innstillinga:

Fana gymnas vert ikkje lagt ned.

Nærare dimensjonering mellom elevtal og elevplassar i Bergen blir gjort i samband med skulebruksplanen våren 2016."

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag (b):

"Tilleggsframlegg (pkt. 7):

Hordaland fylkesting ser med bekymring på framveksten av private kommersielle vidaregåande skular i Hordaland som undergrev elevgrunnlaget i gode offentlege vidaregåande skular.

Hordaland fylkesting vil difor arbeide for å få avvikla desse private kommersielle skulane og i staden styrke det offentlege skuletilbodet i fylket.

- a) Hordaland fylkesting ber om at administrasjonen skaffar full oversikt over eigartilhøve, økonomiske tilhøve og tilsyn ved dei private kommersielle skulane i Hordaland.
- b) Hordaland fylkesting ber kontrollutvalet sjå nærmere på kvifor det har skjedd ei omfattande etablering av private kommersielle vidaregåande skular i Bergen som har medført store negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet.
- c) Hordaland ber utval for opplæring og helse om å oppnemne politiske valde representantar i styra for dei private vidaregåande skulane i Hordaland frå år 2016.
- d) Hordaland fylkesting ber partia på Stortinget ta initiativ til å endre friskulelova slik at det blir høve til å inndra konsesjon dersom etableringa medfører negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet."

Terje Kollbotn sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag (c) til kontrollutvalet:

"Hordaland fylkesting ber kontrollutvalet setje i verk ein uavhengig gjennomgang av heile beslutningsgrunnlaget for å leggje ned Fana gymnas. Det gjeld både vurderingane av innsparringspotensialet ved nedleggjing, elevprognosar og skulebyggkostnader."

Daniel Charles Hextall (SV) sette fram slikt forslag:

"Legg til:

Hordaland fylkeskommune er uroa over veksten av kommersielle privatskuler i Bergen.

Fylkestinget ber om at det blir teke kontakt med sentrale skulemyndigheter for å finne løysingar på korleis ein kan regulere dette på ein betre måte."

Roald Stenseide (FrP) sette på vegner av H, FRP, V og MDG fram slikt forslag:

"I sak 71/15 til opplærings- og helseutvalget fremkom det at fylkesrådmannen vil legge opp til rulling av skolebruksplanen. Det tas sikt på at planen kan behandles i fylkestinget juni 2016. Det fremkommer at kriteria for gjeldene skolebruksplan vil bli lagt til grunn. Utvalget er kjent med den overkapasitet som er på ST i Bergen og særlig i Bergen vest. Kapasitet bør tilpasses faktiske elevtall, men bør ses på i en helhetlig plan.

En utbygging av Årstad vgs til å ta inn 180 elever vil stride mot de kriterier som ligger i gjeldene skolebruksplan 1.1.2. «Skoler med studiespesialiseringe utdanningsprogram bør ha minst 4 paralleller (helst flere)»

1. Fylkestinget vedtek tilbodsstruktur og dimensjonering på Studiespesialisering i Bergen og på dei nye studieførebuande programma Medier og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur i Hordaland etter forslag som vist i tabell under.

Skule	KDA	MK	ST
-------	-----	----	----

Amalie Skram	0	45	630
Bergen kat.	0	0	548
Fana gymnas	0	0	270
Fusa vgs	90		
Fyllingsdalen	0	0	270
Garnes vgs	0	90	150
Knarvik vgs	45	0	
Laksevåg vgs	0	90	180
Langhaugen vgs	0	0	450
Nordahl Grieg vgs	0	90	545
Olsvikåsen vgs	90	0	260
Sotra vgs	0	0	
Sandsli vgs	0	0	450
Stord vgs	0	90	
Årstad vgs	0	0	0
Tertnes vgs	90	0	600
Voss gymnas	45	45	0
SUM	360	450	4353

2. IKT servicefag Vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagd ned.
3. Voksenopplæringen på Bergen handelsgym vurderes flyttet til Årstad vgs."

Røysting

Stenseide sitt forslag fekk 25 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.

Gadolin sitt forslag punkt 1 og 3-10 vart vedteke mot 25 røyster (H, Frp, V, MDG).

Gadolin sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 26 røyster (H, Frp, V, MDG, R).

Hextall sitt forslag fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

Kollbotn sitt forslag (b) fekk 4 røyster (R, SV) og fall.

Kollbotn sitt forslag (c) vart oversendt på vegner av forslagsstilleren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune har ein utfordrande økonomisk situasjon. Gjeldsgraden er høg, utan at det har vore teke naudsynte grep dei siste åra for å bremse veksten. Det gjer at vi må snu alle steinar og sikra ei berekraftig drift av fylkeskommunen. På studiespesialiserande program har vi ein stor overkapasitet ved dei vidaregåande skulane våre i Bergen. Samstundes som dette har utvikla seg, har ein dei siste 12 åra tillate ein vekst i dei private kommersielle skulane. Det har bidrege til å auke overkapasiteten. I tillegg har det påført fylkeskommunen økonomiske tap.
2. Fana gymnas vert lagt ned. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærlieken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane. Ved Fana gymnas vil ei eventuell vidare drift gjere det naudsynt med investeringar for mellom 210 og 280 millionar.
3. Ut over dette vert fylkesrådmannens forslag B lagt til grunn med følgjande endringar:
 - Garnes vgs vert vidareført, dimensjonert for 90 plassar med ST og 90 plassar MK.
 - ST ved Fyllingsdalen vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
 - ST ved Laksevåg vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
4. Fylkeskommunen skal ikkje selje Fana gymnas.
5. Fylkestinget legg til grunn ei administrativ samanslåing av Garnes vgs og Arna vgs, og

fylkeskommunen skal på sikt bygge ein ny kombinert vidaregåande skule i Arna. Dette skal handsamast i rulleringa av skulebruksplanen.

6. Ved framtidig rullering av skulebruksplanen må ein ta omsyn til søkermønster ved og plassering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma MK og KDA.
7. Innføringsklassa for minoritetsspråklege på Fana gymnas og påbygg ved Garnes vgs vert lagt ned. Eventuell oppretting av desse tilboda ved andre skular vert tatt stilling til ved prognoseinntaket.
8. Flytting av utdanningsprogrammet Service og samferdsel (SS) fra Nordahl Grieg vgs til Stend vgs vert gjennomført med verknad frå hausten 16/17. IKT servicefag vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagt ned.
9. Fylkestinget legg til grunn at dagens 2.-klasseelevar ved Fana gymnas får gode overgangsordninger til andre skular.
10. Fylkestinget ber rådmannen ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana vgs.